

Låsar og låslommer (bunadvesker) i Nord-Østerdalen

Nord-Østerdalen er eit distrikt som har hatt sterk tradisjon for bruk av bunadvesker, heretter skrive som låslommer eller lauslommer som var den gamle seiemåten. Etter initiativ frå Østerdal Ungdomslag vart det for ein del år sidan sett i gang registrering i Nord-Østerdalen av eldre klesplagg deriblant låsar og lauslommer. Registreringane vart utført av Bunad- og Folkedraktrådet på Fagernes. Resultatet av det arbeidet var at det kom fram kring 100 låsar og lauslommer i bygdene i Nord-Østerdalen og Rørostraktene. Det er mykje samanlikna med andre distrikt. Somme bygder i Norge har mest ikkje slike lauslommer.

Korleis såg låsane og lommene ut?

Låsane og lommene vi fann, var for det meste frå fyrst på 1800-talet. Lauslommene i Nord-Østerdalen var i dei fleste tilfella av fint kjøpety, men mange var broderte. På Røros var samtlege registrerte lauslommer broderte. Låsane var ofte eldre enn sjølve lommene. Låsane hadde skifta eigar, og den nye eigaren hadde sauma inn sine eigne initialar. Det var berre tre bokstavar på låsane, t.d. M O D, dvs. Marit Olsdotter. I sjeldnare tilfelle var gardsnamnet med.

På lasen	Årstal	Jenta fødd	Bygda	Gift	Alder
1 KGD	1796	1795	Alvdal		1
2 MLD	1811	1809	Alvdal		2
3 SJD	1856	1849	Vingelen		7
4 KOD	1850	1843	Røros		7
5 AKD	1826	1833	Os		9
6 MPD	1840	1830	Tolga		10
7 DAD	1856	1845	Vingelen		11
8 BMDU	1819	1804	Tynset		15
9 AJD	1829	1813	Tynset	1834	16
10 EED	1827	1809	Alvdal		18
11 BAD	1868	1850	Vingelen		18
12 KND	1806	1787	Folldal		19
13 LAD Koian	1841	1822	Røros		19
14 IPD	1838	1819	Folldal	1845	19
15 IHD	1839	1819	Folldal	1846	20
16 MJD	1844	1823	Dalsbygda	1845	21
17 BED	1833	1812	Tynset	1833	21
18 MCD	1847	1825	Kvikne		22
19 LJD	1841	1819	Feragen, Røros		22
20 BOD	1833	1810	Dalsbygda		23
21 KTD	1835	1811	Os		24
22 CCD	1835	1809	Os	1846	24
23 AMID	1869	1843	Os		26
24 IJD Feragen	1840	1813	Feragen, Røros		27
25 GMD Utgaard	1856	1829	Tynset	1860	27
26 MED	1827	1797	Vingelen		29
27 IED	1814	1784	Vingelen		30
28 MODB	1827	1780	Folldal	1798	47

Oversyn over de låsane eg fann fyrste eigaren på.

Bygd	Antal låsar
Folldal	13
Alvdal	7
Tynset	15
Kvikne	5
Tolga	3
Vingelen	13
Os/Dalsbygda	13
Røros-bygdene	31
Totalt	100 låsar

Fordeling av låsane bygdevis.



Støyppt lås. Slike fann vi 4 stk. av. Ein av låsane hadde årstallet 1822.

Foto: Helga Reidun Børgbakken Nesset.

Etter nøyare gransking av låsane, fann vi ikkje to like låsar, dei var berre nesten like. Det var støtt noko som skilde dei. Var grunnforma godtsom lik, kunne krokane vera heilt ulike. Vi kom til den konklusjonen at låsane måtte vera laga av massinsmedar frå bygdene heromkring, det var ikkje byarbeid. Kring 20 av låsane hadde tydeleg same grunnforma. Dei var anten gjort av same massingsmeden, – eller etter same mal. Låsar med same grunnforma fann vi i alle bygdene der vi hadde registrert. Fire av låsane var heilt like. Dei var støyppte, så dei var tydeleg støyppte i same forma. Også desse låsane var spreidde over fleire bygder.

Kven laga låsane?

Låsane var utan unntak av massing eller liknande legering. Vi fann ingen lås i sølv. At massingsmedar har hatt sitt virke i bygdene her, viser gardsnamn som t.d. Massingsmedgarden på Tolga. På Kvikne kjenner vi til ein sølvsmid som m.a. støyppte låsar til lauslommer.



Lommelås i massing KPD 1862. Denne hovedtypen var det ca. 20 stk. av. Foto: Sidsel Røine Bunad- og Folkedraktrådet.

Jørgen Jakobsen Ween heitte han og levde frå 1820 til 1894. Han laga skeier, gaflar, smykker og nøstkrokar av sølv, – og eit fint lås i massing til lauslomme. Som sølvsmidmerke bruka han **JJW**, skreiv Ivar A. Streitlien i Tynsetboka.

I Follidal arbeidde den velkjende smeden Mikkjel Jørgensen Holen, f. Blæsterdalen (1794-1874). Han hadde gått i smedlære i Trondheim og laga vakkert dekorerte faldejungar og låsar til lauslommer m.a.

I Alvdal virka Sandeggen- og Rønningenkarar. Avle Larsson Sandeggen (1768-1839) kan truleg vera meister for somme av dei eldste lommelåsane i Alvdal og bygdene rundt. Han var ein overlag hag finsmed, vide kjent. Det kom folk heilt frå Gudbrandsdalen for å få han til å smi låsar m.m. Hans Estenson Rønningen (f. 1815) var flink smed, både finsmed og grovsmed, særleg kjent som god børsesmed. Han fløt-



Lommelås i massing med gravert rankemønster og initialene SAD. Foto: Sidsel Røine Bunad- og Folkedraktrådet.

te til garden Berget i Alvdal. Bror hans, Jon (Jo) Estenson Rønningen var også ein dyktig smed. Desse kunne ha vore gode nok til å laga låsar til lauslommer.

Den siste smeden/metallarbeidaren vi kjenner til som laga lauslommelåsar i distriktet her, var Karl Fredrik Fredriksen, Røros/Tynset, Stor-Karl/Lang-Karl kalla. Karl levde frå 1868 til 1952. Han var omreisande og kjent for alle dei fine knivane han laga. Det var han sjølv som tilverka låsane, medan sonen Karl Karlsen (Stum-Karl kalla for han var døvstum) graverte på låsane. Stum-Karl var svært dyktig til å gravera. Kona til Lang-Karl, Anna Gustava Fredriksdotter (1869-1943) broderte veskene. Ho broderte til alle fem døtrene sine.

Men jentene i Nord-Østerdalen kunne også dra utanom distriktet for å få seg ein fin lås til lauslomma si. Det er fortald om ein syskenflokk, tre systrer

og ein bror frå Vingelen som i 1827 skulle få dra til Trondheim for å sjå på Domkyrkja. Dei skulle alle få kjøpa seg eit minne frå turen. Jentene var da innom Ole Aunom på Støren og tinga seg kvar sin lauslommelås. Ole vart så begeistra for den eine systera, Marit, at ho fekk låsen sin gratis. ”foræret af Ole Aunom i Støren” står det gravert attåt bokstavane hennar og årstalet.

Kor gamle var låsane?

Den eldste låsen vi registrerte, stod det årstalet 1789 på. Vi registrerte berre 5 låsar frå 1700-talet. Med årstal frå 1800 til 1809 fann vi 7 låsar, det same i tidbolken 1810 til 1819. Frå 1820-talet var det 13 registreringar, 10 frå 1830-talet, 11 stk. frå tidbolken 1840-49. Etter 1850 ser det ut til at det er meir slutt på denne moten. 5 registrerte låsar frå 1850-åra og berre 2 låsar frå 1860-åra fann vi. Den yngste låsen hadde årstalet 1869 inngravert. Låsane etter Stor-Karl var udaterte, men var frå kring 1910, så dei var dei yngste.

Bruken av låslommene

Kva vart så desse lommene bruka til? Det finst fleire svar. Tradisjonen seier at kvinnene i bygdene her hadde faldeknivane (jungane) sine i lauslommene. Det same var skikken i Sverige. Alle laut ha med sin eigen ambod til å eta med i større lag, gjestbod, gravøl, barnedåpar og lignende. Mange av jungane vi kjenner til, har initialar med kvinnenamn. Karane hadde jungane sine i lommene på kleda.

Frå andre kantar av landet (Aust-Agder) vart låslommene bruka til å bera parfymeflaske (dåneflaska) i, eller til eit stort hympe raffinade eller peileflaske med brennevin som i Valdres. Frå Odalen kjenner ein til at skålepengane i gjestbod vart lagt i lauslomma til brura.

*Kor gamal var ei jente
når ho fekk låslomma si?*

Eit spørsmål er: Kor gamal var ei jente når ho fekk låsen sin? Kunne det kanskje vera festegave, forlovelsesgave gitt av tilkomande ektemann? Resultatet av granskinga var overraskande. Av dei 100 låsane som vart registrerte, klarte vi på nærare 30 låsar å finna ut kven den fyrste eigaren var. Sju av jentene var under 11 år da dei fekk låsen sin, åtte jenter var i alderen 15 til 20 år og 12 jenter var mellom 21 og 30 år gamle. Låsane hadde dei fått fleire år

før dei gifta seg synte det seg, så det var neppe festegaver. Berre to av eigarane var gifte da dei fekk låslommer. Den eine var 47 år gamal, men ho var fødd i 1780, gift i 1798, så ho hadde vel ikkje hatt høve til å skaffa seg låsen sin tidlegare. Kanskje var det ikkje aktuell masingsmed i nærleiken heller?

*Var det berre velstående folk
som skaffa seg lauslommer?*

Ut frå dei låsane og lommene vi har komme over, ser det ut til at folk av alle samfunnslag skaffa seg slike. Det var fleire jenter frå temmeleg småe gardar som hadde låsar. Men jenter frå meir velstående gardar, fekk i fleire tilfelle låsane sine tidlegare, somme berre som småjenter.

Kirstine Prestmoen Tallerås
2584 Dalholen